

Arvid Edgar Eik  
Totlandsvegen 472 C  
5226 NESTTUN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/6086 - 21/52646

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n  
o

Dato:  
06.08.2021

## Svar på førespurnad til kommunen - gbnr 422/6 m.fl. Rikstad

Alver kommune stadfester å ha motteke brev frå deg 20.07.21 og purring på svar 03.08.21.

Vi har ikkje innhenta opplysningar eller gått gjennom dei historiske sakene for å gå gjennom kva bilder som er tekne av kven. Vi kan ikkje sjå at dette vil tilføre saka noko nytt.

Tidlegare Radøy kommune, statsforvaltaren og Bergen tingrett har tidlegare konkludert med at dei samla arbeida som er utført, ikkje er ordinært vedlikehald av veg, og søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

Det ulovlege tilfellet vil bli vurdert som tilbakeført når følgjande tilbakeføring er utført i tråd med vedtak i tidlegare Radøy kommune:

Vedtak:

*«Med heimel i plan- og bygningslova § 32-3 vert det gjeve pålegg om retting. Retting må skje ved at utført tiltak først attende som følger;*

- *Vegen skal etter tilbakeføring ha same breidde og følgje same trase som før arbeidet*
- *vart utført.*
- *Vegen skal ha toppdekke i samsvar med det som var før arbeidet vart utført.*
- *Tilført masse skal fjernast, både i sjølve vegtraseen og i grøftar/fyllingar*
- *Der det er teke ut massar/etablert skjeringar skal både stein og jordmassane leggjast*
- *tilbake og sår i terrenget skal såast til.*
- *Røyr gjennom veglegemet skal fjernast.*

*Pålegg om retting må vere etterkomen innan 31.10.2018.*

*Med heimel i plan- og bygningslova § 32-5 vert det vedteke slik tvangsmulkt:*

1. *Eingongsmulkt på kr 20 000,- etter utløp av pålagt frist.*
2. *Tvangsmulkt på kr 500,- per dag etter utløp av pålagt frist.»*

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Arvid Edgar Eik

Totlandsvegen 472 C      5226      NESTTUN